

His 3090:

Fordjupningsoppgåve i historie

Drivkrefter bak lausgjengarlova anno 1900

Av

Per Ormestøyl

Vegleiar:

Hilde Sandvik

Våren 2011

Universitetet i Oslo

Teikn med mellomrom: 28 463 + vedlegg

Drivkrefter bak lausgjengarlova anno 1900

Løsgjængerloven har vært en av de hardest kritiserte i norsk lovverk. Ingen steder kom storsamfunnets klassetenkning klarere til uttrykk enn her. Den rettet seg mot de svakest stilte i samfunnet og hadde ensidig repressivt siktemål der all vekt var lagt på tvang og kontroll.¹

I denne oppgåva skal eg gjere greie for drivkrefte bak lausgjengarlovas tilbliving. Eg skal vise korleis lovforslaget vart motteke i Stortinget, og kva aktørar som spelte dei viktigaste rollene i debatten for og imot lovvedtaket. Deretter skal eg forsøke å finne kva motiv desse aktørane hadde for å godta ei lov som i følgje Olav Rune E. Bastrup og Aage Georg Sivertsen har vore ei av dei hardast kritiserte i norsk lovverk. Til slutt skal eg vise kva omfang kriminaliteten hadde og kva konsekvensar lova fekk for lovbytarane.

Korleis kunne Stortinget godta ei lov som dei sjølv såg at strida mot grunnleggjande rettsprinsipp? Om lova vart det i Stortinget sagt at ”(...) Bestemmelserne om Løsgjænger vil indføre hos os et nyt og urigtigt Princip, nemlig Anvendelse af Straf paa Mistanke om begaaede Forbrydelser (...).”² Likevel vart ”Lov om Løsgjengeri, Betleri og Drukkenskab” (lausgjengarlova) vedtatt den 31. mai 1900.

Debatt om lausgjengarlova i Stortinget

I 1900 vart det vedtatt ei ny lov på Stortinget, som til ei viss grad skulle endre levevilkåra til dei fattige i samfunnet. Det Anne-Lise Seip kallar ei ”avskaling av fattiglova” var ei ny lov som skapte eit større skilje mellom dei verdige og dei uverdig fattige. Seip omtalar dei uverdige som ”det tunge klientell”, og reknar fantar, lausgjengrarar, tiggarar og alkoholikarar til denne gruppa.³ Lausgjengarlova skilte ut dei uverdig fattige som ei eiga gruppe gjennom lov, noko som førte til at dei sosiale skilnadane vart enno større enn før.

Stortings forhandlingar om lova tok for seg tre typar paragrafer som kunne leie til innsetting på tvangsarbeidsanstalt. Dei fyrste paragrafane gjaldt arbeidsskyheit, eller det som blei forstått som ”forsetteleg arbeidsløyse”. Dernest kom paragrafane om lausgjengeri og dels også omstreifing. Dei siste paragrafane gjaldt drukkenskap.⁴

¹ Bastrup, Olav Rune Ekeland og Sivertsen, Aage Georg, *En landevei mot undergangen: Utryddelse av taterkulturen i Norge*, Oslo, Universitetsforlaget, 1996, 98-99

² Statsråd Qvams foredrag, Stortingsforhandlinger, 1898-1899, Oth. Prp. No. 2, Ang. *Udfærdigelse af en Lov om Løsgjænger, Betleri og Drukkenskab*, 8

³ Seip, Anne-Lise, *Sosialhjelpestaten blir til: Norsk sosialpolitikk 1740-1920*, 2. utg., Oslo/Gjøvik, Gyldendal Norsk Forlag A/S, 1994, 163

⁴ Ei inndeling ein kan finne i: Larsen, Erik, *Mellom moral og medisin: Løsgjengerlovens tilblivelse og tilpasning 1900-1918*, Hovedoppgave, Universitetet i Bergen, 2005, 40

I denne oppgåva vil det i all hovudsak bli fokusert på den andre gruppa - dei som gjennom lova kunne bli straffa for å hengi seg til lediggang eller dreiv omkring under slike forhold at det var grunn til å anta at vedkomande heilt eller delvis ernærte seg ved straffbare handlingar. Domfellingar kunne altså skje gjennom antakingar om at noko straffbart hadde hendt. For å finne ut korleis utkastet til lov vart motteke, og kva problem som var debattert i Stortinget skal eg no presentere debatten rundt §§ 3 og 4. Diskusjonen fann stad 28. april 1900. Det var gjennom desse paragrafane at temaet om domfelling på antaking av brotsverk først vart presentert i lova, og diskusjonen rundt dette temaet bør difor finne stad her. Dette var også den siste behandlinga lova fekk før ho formelt vart vedtatt, og difor det siste høvet politikarane hadde til å endre ho.

Paragraf tre

Innstillinga kom frå komiteen for sosiale spørsmål angåande utfærdigelse av lov om lausgjengeri, betleri og drukkenskap. Högsterettsadvokat Annæus Johannes Schjødt frå Venstre var formann og ordførar i komiteen. I samtida rekna ein omstreifarane som langvegsfarande vandringsmenn, medan lausgjengarane primært var bustadslause som flakka rundt i byar og tettstadar.⁵ I paragraf 3 i lovforslaget stod det:

Paatalemyndigheden har at opfordre enhver person, som hengiver sig til lediggang eller driver omkring, til at gjøre rede for sine erhvervskilder, saafremt der findes grund til mistanke om, at han helt eller delvis ernærer sig ved straffbare handlinger.

Flakker personen om fra sted til sted, eller findes det af andre grunde fornødent at sikre sig hans nærvær, kan han paagribes og hensættes i varetægtsarrest overensstemmende med reglerne i straffeproceslovens §§ 231 og flg.⁶

Kritikken om lovforslaget kom frå gardsbrukar Wollert Konow (H) frå Venstre, og gjekk ut på å fjerne orda ”eller findes det af andre grunde fornødent at sikre sig hans nærvær” frå paragrafen. Han meinte det å ”drive omkring” var eit for tynt grunnlag til at ein kunne bli satt under politiets sokjeljos. Svaret kom frå lensmann Wilhelm Ludvig Børresen, også tilhøyrande Venstre-partiet. Han meinte at det å streife omkring i og for seg ikkje var straffbart. Det måtte finnast andre årsakar til at personar kunne bli domfeldt. Han la vekt på at lovas hovudhensikt var å motarbeide omstreifarvesenet. Konow følte seg framleis ikkje trygg på bestemmelsen.

Man kan ikke bevise noget mod ham; men han er en mistænklig person, og saa skal han kunne sættes fast, naar han flakker omkring fra sted til sted. Jeg skjønner ikke, hvad man

⁵ Larsen, Erik, *Mellan moral og medisin: Løsgjengerlovens tilblivelse og tilpasning 1900-1918*, 45

⁶ Stortingets forhandlinger, forhandlinger i odelstinget, bok 8, 1899/1900, 931

egentlig vil med denne bestemmelse. (...) det indeholder en altfor tydelig ytring af lyst til at sætte alle folk under politiopsigt og bringe dem i tvangsarbeidshus eller fængsel her i dette land.⁷

Schjødt meinte det ville øydelegge moglegitetane for å arrestere lausgjengarane dersom paragraf-teksta vart endra. Ein ville framleis kunne arrestere omstreifarane, men lausgjengarane ville kunne gå fri. Schjødt meinte teksta sikta på dei som *ikkje* flakka frå stad til stad, men på dei som det likevel var viktig å ha nærvær til for at bevis kunne bli sikra mot dei. Argumentet var altså at lausgjengarane måtte arresterast før dei stakk av og gjorde skader andre stadar.

Konow meinte framleis at teksta var for vidtgåande. Han meinte at dersom grunngjevinga var frykt for at personen skulle rømme eller unngå tvangsarbeid, burde det koma klart fram. Paragrafen bar utover alle rimelige grenser slik han såg det.

Då voteringa vart gjort stemte berre 12 for Konows forslag, og teksta vart ståande uendra.

Paragraf fire

Om paragraf 4 skulle debatten handle om ”betleri” skulle reknas inn under paragrafen eller ikkje. I paragraf 4 stod det:

Den, som hengiver sig til lediggang eller driver omkring (§3) under saadanne forhold, at der er grund til at antage, at han til sedvane helt eller delvis ernærer sig ved strafbare handlinger, som kan medføre høiere straf end bøder, straffes for løsgjænger med fængsel. Derhos bliver paatalemyngheden i dommen at bemyndige til at lade ham anbringe i tvangsarbeidshus for en tid af 3 aar, men af 6 aar, saaframt han tidligere har været anbragt i tvangsarbeidshus i henhold til denne lov. Det slags betleri, som omhandles i denne lovs §10, medregnes ikke blandt de nævnte strafbare handlinger.

Sker anbringelse i tvangsarbeidshus, kan fuldbyrdelsen af den idømte fængselsstraf helt eller delvis bortfalde.

Paa samme maade dømmes den, som inden 5 aar efter i henhold til § 7 at være vendt tilbage til eller at have erhvervet fast bopæl uden paaviselig lovligt erhverv flakker om fra sted til sted. Ved frigivelsen kommer § 7 paany til anvendelse.⁸

Slik straffelovkommisjonens utkast til lov såg ut, heitte det at betleri (omhandla i §10⁹) ikkje skulle medreknes som straffbar handling i denne paragrafen. Dersom betleri vart ein del av paragrafen ville straffa for å betle bli mykje strengare i paragraf 4 enn i paragraf 10. Det var

⁷ Konow(H), Stortingets forhandlinger, forhandlinger i odelstinget, bok 8, 1899/1900, 932

⁸ Stortingets forhandlinger, forhandlinger i odelstinget, bok 8, 1899/1900, 933

⁹ § 10 (seinare endra til § 11): ”Den, som betler sedvansmessig eller paa et almindelig befærdet eller for almindelig færdsel bestemt sted eller vandrende fra hus til hus, straffes, forsaavidt han ikke fældes efter §§ 2, 4 eller 5, med fængsel paa vand og brød fra 2 indtil 10 dage eller med en tilsvarende fængselsstraff paa sedvanlig fangekost.” Stortingets forhandlinger, forhandlinger i odelstinget, bok 8, 1899/1900, 946

også betenkeleg at ein ville kunne bli dømt for antakinga om betleri i paragraf 4, medan betleriet måtte vere bevist i paragraf 10. Statsråd Einar Løchen gjekk likevel kvast imot at paragraf 4 ikkje skulle gjelde betleri. Han såg betleriet som ”landstrykerieds livsnerve” og meinte difor det ville vore heldig at det blant dei straffbare handlingane også vart medrekna betleri i sin alminnelegheit.

”(...) hele landstrygeriet hviler jo faktisk paa betleriet, og at man da ikke skal kunne anvende denne strenge straffebestemmelse, naar domstolene er aldeles visse paa, at en mand lever af betleri, det finder jeg uriktig, idet jeg mener, at da har man ikke nogen sikkerhedsventil mod landstrygeriet.”¹⁰

Det var altså for at landstrykarane lettare skulle kunne bli arrestert at Løchen ville ha paragrafen til å gjelde betlinga. ”(...) det mindste, man kan gaa ud fra, og man trygt kan gaa ud fra, er, at han betler.”¹¹ I tillegg meinte Løchen at domstolane truleg ville kvie seg for å anta at personar som drog frå stad til stad ”volda fare for den allmenne tryggleik”. Ved å la betleri bli ein gjeldande grunn for dom, ville det gjere det lettare for domstolane å dømme landstrykarane. I følge Løchen ville paragraf 4 nesten ikkje hatt nokon virkning på landstrykeriet utan at betleri vart medrekna. ”Jeg skulde derfor på det bedste anbefale, at dette tillæg udgaar, idet man ellers berøver denne paragraf, som skulde være en ventil mod den landsulykke, som ligger i landstrygeriet, sin virkelig effektive kraft og nytte.”¹²

Schjødt måtte her sei seg usamd. Han peika på at straffa for betleri i paragraf 10 var mykje mildare enn det den ville bli dersom den fall inn under paragraf 4. Paragraf 10 hadde ei strafferamme på 2-10 dagars fengsel på vatn og brød medan paragraf 4 ville få ei strafferamme så høg som ”den almindelige strafelov tillader”, eller ho kunne gjerast om til 3 års straffearbeid. Schjødt meinte straffa då ville bli for streng.¹³

Svaret frå Løchen var at det ikkje var betleriet som skulle vere det straffbare grunnlaget for dommen. Det som var straffbart, og som gjorde dommen så streng, var landstrykeriet i seg sjølv. ”En betingelse for, at han kan straffes for landstrygeri, er dette, at han til sedvane ernærer sig af strabare handlingar, blandt andet ogsaa betleri”.¹⁴ Assessor Ferdinand Christian Prahl frå Venstre støtta opp om at betling skulle bli ein del av paragrafen, og la til

¹⁰ Løchen, Stortingets forhandlinger, forhandlinger i odelstinget, bok 8, 1899/1900, 934

¹¹ Stortingets forhandlinger, forhandlinger i odelstinget, bok 8, 1899/1900, 934

¹² Løchen, Stortingets forhandlinger, forhandlinger i odelstinget, bok 8, 1899/1900, 935

¹³ Stortingets forhandlinger, forhandlinger i odelstinget, bok 8, 1899/1900, 935

¹⁴ Løchen, Stortingets forhandlinger, forhandlinger i odelstinget, bok 8, 1899/1900, 935

grunn at ”(...) paragrafen da bliver lettere at praktisere.”¹⁵ Statsråd Løchens forslag om å fjerne ”Det slags betleri, som omhandles i denne lovs §10, medregnes ikke blandt de nævnte strafbare handlinger”, vart bifaldt med 45 stemmer. I tillegg til å bekrefte at paragrafen skulle gjelde betlarar, vart paragrafens aktualitet overfor prostituerte erklært.

Politikaranes motiv for å godta lova

Det at lova i så stor grad gav politiet rett til å overvåke einkvar som dreiv omkring og å arrestere han for mistanke kan verke uforståeleg. Debattantane såg sjølv at lova strida mot grunnlova. I stortingsforhandlingane frå 1898/1899 heldt statsråd Ole Anton Qvam eit innleiande foredrag om lova der han la fram synspunkta i debatten som då hadde vore avholdt. Her vart det mellom anna sagt at;

Med samme Ret (...) vilde man også kunne anvende saadant Sikkerhetsfængsel paa enhver Anden, hvis Adfærd eller Tankesæt fandtes at berettige til Frykt for, at Retsbrud vilde kunne forøves; og man var da inde paa Veie, der fører tilbage til de Misbrug, navnlig ligeoverfor politisk suspekte Personer, hvorfor det moderne Samfund netop har Æren af at have frigjort sig.¹⁶

Espen Schaanning skriv at det som gjorde at ein vart ramma av denne lova ikkje først og fremst var konkrete, lovstridige handlingar, men ein suspekt form for livsførsel og ein avvikande, nedarva ”natur”.¹⁷ Sjølv om det verkar som at dei ansvarlege aktørane på Stortinget var fullt klar over konsekvensane av lova, vart ho altså godkjendt. Det er betenkeleg at forhandlingane rundt desse to paragrafane i odelstinget kun strakk seg over seks sider, medan forhandlingane om heile lova, på 30 paragrafar, var på rundt 164 sider. Spørsmål rundt retten til overvåking av privatpersonar og spørsmålet om straffas lengde i desse paragrafane, fekk slik lite fokus i odelstinget.

Allereie frå 1863 eksisterte delar av lova gjennom fattiglovas sjette kapittel. I paragraf 61 stod det mellom anna at ”I Tvangsarbeids-huse kunne efter Politiets Foranstaltning indsættes Personer, der ere hengivne til Ørkesløshed og Drukkenskab og af den Grund ikke kunne lovlig ernære sig.”¹⁸ Tankane som framkom i debatten rundt lausgjengarlova anno 1900 representerte altså ikkje noko nytt. Det nye var at lova på mange måtar vart forsterka gjennom straffeutmålinga og sivile rettars undergraving. I tillegg skilte ho ut dei gruppene lova gjaldt i

¹⁵ Stortings forhandlinger, forhandlinger i odelstinget, bok 8, 1899/1900, 937

¹⁶ Stortingsforhandlinger 1898-1899, *Udkast til Lov om Løsgjænger, Betleri og Drukkenskab samt om Tvangsarbeidshuse*, 18

¹⁷ Schaanning, Espen, *Menneskelaboratoriet: Botsfengslets historie*, Scandinavian Academic Press/Spartacus Forlag, 2007, 259

¹⁸ Vogt, Peter, *Love, Anordninger, Kundgjørelser, Aabne Breve, Resolutioner m. M. der vedkomme Kongeriget Norges Lovgivning og Offentlige Bestyrelse, i tidsfølgende Orden og udtogsviis* (17. bind), 524

ei ny sosial klasse. Lova endra tilhøvet for dei fattige både i byane og på landet i Noreg. Årsaka til at straffelovkommisjonen skilte ut nettopp lausgjengeri, drukkenskap og betleri i ei eiga lov var ifølge statsråd Qvam at det ved sidan av sjølve straffa, som ifølge kommisjonen både kunne og burde nyttast overfor lausgjengarar og landstrykarar, var tale om så mange andre forholdsreglar som ville gjere at straff aleine ville verke lite effektivt. Ved å setje dei overnemnde gruppene under ei og same lov, ville sjølve behandlinga av straffesakene bli meir effektiv.¹⁹ Nils Christie peikar på at det i tillegg låg ein medvitenskaplig ideologi bak. Ein ynskte å markere at tvangsarbeid ikkje var ei straff, men tvangsforsørging.²⁰

Erik Larsen peikar på at prosessen som leia fram til straffelovkommisjonens endelege utkast var sterkt prega av det han kallar den ”kriminalistiske elite” som fantas i samtid. ”Lovaånd” vart slik ei vidareføring av dei ideane som tidlegare aktørar hadde vunne igjennom med.²¹ Han trekk mellom anna fram Kriminalistforeininga som diskuterte innhaldet i lova allereie eit år før straffelovkommisjonen sitt utkast kom i 1893. Kriminalistforeiningas samtlige initiativtakrar var medlemmar av den internasjonale kriminalistforeininga, noko som gjorde at ideologien som vart ført var forankra i foreininga sine grunnleggjarar. Samstundes var fira av fem møtedeltakrarar juristar i 1890 åra, noko som kan ha vore med å farga debatten.

Dersom ein set aktørane i debatten rundt §§ 3 og 4 i odelstinget opp mot sine partitimese ståstadar, finn ein at alle deltakarane stamma frå Venstre. Medan Bastrup peikar på at ”Spare-Venstres frykt for store offentlige uttellinger”,²² var årsak til at det tok sju år før lova vart iverksett, kan det verke som at det likevel var delar av Venstre som var dei største pådrivarane for å få lova i hamn. Larsen viser til at det var ei todeling blant dei sju medlemane i sosialkomiteens behandling av lova før ho vart sendt til odelstinget. Fleirtalet, som var positive til lausgjengarlova, bestod av to representantar frå Venstre, ein frå Høgre, og ein frå valgsamarbeidet mellom Høgre og Moderatane. Mindretalet bestod av tre Venstre-representantar.²³ Partitilhøyre representerte difor skillelinjene i debatten. Usemja var stor innanfor partia.

¹⁹ Stortingsforhandlinger, 1898-1899, Ang. Udfærdigelse af en Lov om Løsgjænger, Betleri og Drukkenskab, 5

²⁰ Christie, Nils, *Tvangsarbeid og alkoholbruk*, Oslo/Bergen, Universitetsforlaget, 1960, 10

²¹ Larsen, Erik, *Mellan moral og medisin: Løsgjengerlovens tilblivelse og tilpasning 1900-1918*, 24

²² Bastrup, Olav Rune Ekeland og Sivertsen, Aage Georg, *En landevei mot undergangen: Utryddelse av taterkulturen i Norge*, 1996, 95

²³ Larsen, Erik, *Mellan moral og medisin: Løsgjengerlovens tilblivelse og tilpasning 1900-1918*, 37

Ideologiske tilhøve i Noreg

Bastrup kallar 1800-talet for ”kapitalismens frembruddstid i Norge, med høykonjunktur for en puritansk pliktetikk der arbeid ble sett på som både frelses- og kurmiddel”.²⁴ Det var gjennom hardt arbeid ein skulle kurere sine vonde tilbøyinger og derigjennom vinne samfunnets og Guds behag. Dette ideologiske synet var alt anna enn særeige for Noreg. I følge Anne-Lise Seip hang det heile saman med ei ”europeisk bølge av aversjon mot de man mente var arbeidsuvillige.”²⁵ Tanken var at dersom ein skilte ut dei arbeidsuvillige, kunne tiltaka for dei andre arbeidarane bli meir effektive. Slike tankar gjorde at sosiale grupper vart ekskludert frå fellesskapet.

Samtidas tankesett førte og med seg at omstreifarar, betlarar og lausgjengarar vart sett på som ei moralsk smittefare i samtida. Slike miljø vart oppfatta som ei ”åre til dannelsen av nye forbrytere”.²⁶ For å forstå tankane i det arbeidet som vart lagt ned for å bli kvitt problemet med slike miljø, er det viktig å forstå haldningane som fantas i Noreg rundt 1900-talet.

Omstreifarproblemet

Omstreifarane vart ikkje berre dei hardast råka av lausgjengarlova; dei var og årsaka til at ho vart laga, ifølge Nils Christie.²⁷ Som tidlegare fortalt frå debatten i odelstinget, såg Børresen lovaa hovudhensikt i motarbeidelsen av omstreifarvesenet.

”Det er altsaa saaledes, at den ting at streife omkring i landet i og for sig ikke er straffbar eller kan rammes af denne lov; der må støde andre ting til. Lovens hovedhensigt er imidlertid at modarbeide omstreifervæsenet, og i §§ 3, 4 og 5 er vel at finde de hovedbestemmelser, ved hjælp af hvilke man skal gjøre dette.”²⁸

Konsekvensen av lova råka omstreifarvesenet hardt. Gjennom si avvikande livsform og uvilje mot å innordne seg samfunnets krav, vart desse sett på som den rake motsetninga til herskande haldningar i samtida.²⁹ I tillegg frykta ein at omstreifarvesenet skulle vekse og spreie seg.

Det er nemlig et overmaade hyppig forekommende Tilfælde, at Løsgjængerne, hvortil de arbeidssky og Drukkenbolterne regelmæssig lidt etter lidt udvikler sig, i den dertil egnede Aarstid hengiver sig til et omflakkende Liv, hvorunder de opptræder som Landstrygere til Fare

²⁴ Bastrup, Olav Rune Ekeland og Sivertsen, Aage Georg, *En landevei mot undergangen: Utryddelse av taterkulturen i Norge*, 76

²⁵ Seip, Anne-Lise, *Sosialhjelpstaten blir til: Norsk sosialpolitikk 1740-1920*, 163

²⁶ Larsen, Erik, *Mellan moral og medisin: Løsgjengerlovens tilblivelse og tilpasning 1900-1918*, 24

²⁷ Christie, Nils, *Tvangsarbeid og alkoholbruk*, 62

²⁸ Børresen, Stortingets forhandlinger, forhandlinger i odelstinget, bok 8, 1899/1900, 932

²⁹ Bastrup, Olav Rune Ekeland og Sivertsen, Aage Georg, *En landevei mot undergangen: Utryddelse av taterkulturen i Norge*, 76

for Retssikkerheden udoover Landet, samt ligeledes, at de under dette sit Liv ofte i ikke saa lidet Udstrækning slutter sig til til de egentlige omstreifende Familier, som altsaa paa denne Maade faar en Tilvæxt.³⁰

Bastrup peikar på at skuldningane om at taterane var dogne og arbeidssky slettes ikkje var treffande. Deira mange handarbeid gjorde at det gamle bondesamfunnet gjorde seg sterkt avhengig av nettopp denne gruppera. Mannen som stod i spissen for arbeidet med taterane var sokneprest Jacob Walnum. Han stifta i 1897 Omstreifervesenets Modarbeidelse, og med hans mange kontaktar i politikken vann han fram med fleire av sine synspunkt om taterane. Av Bastrup får han mellom anna mykje av ansvaret for at nettopp lausgjengarlova vart vedtatt. Forbildet til hans eige prosjekt fann Walnum gjennom studiereisene til Tyskland og Sveits. Her såg han den tyske misjonen "Die Innere Mission der Deutschen Evangelischen Kirche", som stod for eit konservativt samfunnssyn i kombinasjon med ein idealistisk prega teologi med vekt på aktivt, utadretta barmhjertigheitsarbeid. Dei dreiv ei aktiv inngrisen i samfunnslivet med sikte på å normalisere sosiale avvikarar til det borgarlege samfunns kristne verdiar og idealer.³¹

Då det i Stortinget vart forhandla om reglar for behandlinga av fantefolket i tvangsarbeidshus, vart det sagt frå eit enkelt hald at straffing av fantefolket til tvangsarbeide og anvisning til fast bopel "(...) alene vil lede til at paaføre Fantefamilierne store Lidelser ved at holde dem under en Tvang, som strider imod deres Natur (...)"³²³³

I tidsskriftet til "Omstreifervesenets Modarbeidelse" vart det også debattert om kva arbeid ein skulle setje taterane til å gjere. Ettersom deira primære syslar var handarbeid, ville det vere naturleg å satt dei til slikt arbeid også under tvangsarbeidet. Hr. Inspektør Knudsen, som var fagmann og fagkunnig i komiteen for Omstreifervesenets Modarbeidelse, måtte då sei seg ueinig.

Naar der er tale om at "oplære nogen til haandverk," maa jeg paa det bestemteste fraraade dette, og her tror jeg at turde paaberaabe mig endel fagkyndighed. (...) Det vil bare blive til fortræd for vedkommende selv og tvinge dem til at søger ind til byerne, hvilket netop er deres ødelæggelse. (...) Thi jordbrug har en ganske anden evne end haandverk til at virke

³⁰ Henta frå Qvams foredrag, Stortingsforhandlinger, 1898-1899, Ang. *Udfærdigelse af en Lov om Løsgjængeri, Betleri og Drukkenskab*, 7

³¹ Bastrup, Olav Rune E., Sivertsen, Aage Georg, *En landevei mot undergangen: Utryddelsen av taterkulturen i Norge*, 73-74

³² I følge Bastrup kom denne uttalelsen frå eit sosialradikalt mindretal i Stortinget, Bastrup, 1996, 97

³³ Henta frå Qvams foredrag, Stortingsforhandlinger, 1898-1899, Ang. *Udfærdigelse af en Lov om Løsgjængeri, Betleri og Drukkenskab*, 8

opdragende. Det har man erfaring for baade fra tvangsarbeidsanstalterne og endnu mere fra arbeidskolonierne.³⁴

I følge Bastrup fantas det eit tradisjonelt motsetningsforhold mellom tateranes levesett og bøndenes jordbruksarbeid. ”Forslaget om jordbruksarbeid var derfor ment som en bevisst krenkelse for å fremme nedbryting av kulturell identitet.”³⁵

”Kriminalitetens” omfang og lova si verknad

Medan lausgjengarlova vart godkjendt i 1900, vart ho ikkje iverksatt før i 1907. Årsaka til dette var mellom anna Venstres sparepolitikk. Når det ikkje vart løyvd nok pengar, kunne ein heller ikkje bygge opp anstalar som svara til dei behova og dei krava Stortinget stilte.

Om lovas ikrafttaking skriv Christie at det gjekk fråsegn om at lausgjengarar og betlerar blei så skremde at dei røynde frå byane i store skarar. Han viser til at politiadjutant Wiesner i kriminalistforeininga uttrykte at ”(...) aldri har vor by været mere ren for løsgjængere end de første maaneder, etterat loven var traadt i kraft.”³⁶ I følge Christie var det tvangsarbeids-bestemmelsane ein frykta aller mest.³⁷ Snart vendte lausgjengarane likevel tilbake, noko som kjem fram i kriminalstatistikkane frå perioda.

Ein gjennomgang av kriminalstatistikkens tabellar over domfeldte personar i tidsrommet 1898-1918³⁸, viser mellom anna om lausgjengarlova hadde nokon påverknadskraft på antall domfellingar etter lovas ikrafttaking i 1907. Lova skulle verke som ein ”tryggleiksventil mot lausgjengeriet”, og oppfatninga av omstreifarvesenet vart nytta som ei sterk drivkraft for å få lausgjengarlova i hamn. Difor er det interessant å sjå om talet på dommar mot lausgjengarar og omstreifarar i det heile tatt auka etter sanksjoneringa i høve til fattiglova som dei tidlegare vart dømt etter.

Resultatet viser at auka er langt mindre enn forventa etter 1907. 1908 har ei viss auke, både i Kristiania og i Noreg i sin heilheit, men deretter stabiliserer tala seg omrent på same nivå som før 1907. Årsaka til dette kan vere at personane vart straffa med lengre straffer gjennom lausgjengarlova anno 1900 enn det dei kunne bli straffa med gjennom fattiglova frå 1863³⁹.

³⁴ Fra Landeveien, Maanedssblad for arbeidet med omstreiferne, No. 7. Juli maaned 1907. 10de aarg.

³⁵ Bastrup, Olav Rune E., Sivertsen, Aage Georg, *En landevei mot undergangen: Utryddelsen av taterkulturen i Norge*, 97

³⁶ Christie, Nils, *Tvangsarbeid og alkoholbruk*, 56 (Henta frå Kriminalistforeningen i 1912, s. 65)

³⁷ Christie, Nils, *Tvangsarbeid og alkoholbruk*, 56

³⁸ Sjå vedlegg 1

³⁹ Fattiglovas sjette kapittel frå 1863 vart nytta overfor liknande forbrytelsar fram til lausgjengarlovas ikrafttaking i 1907. Her kunne ein ikkje bli straffa med meir enn 1 års tvangsarbeid.

Nils Christie opererer med ein tabell henta frå kriminalistforeininga som viser innsettelsar etter dei forskjellige paragrafane til tvangsarbeidshus.⁴⁰ I tabellen vert nokre personar dømt etter fleire paragrafar, noko som gjer at tala på paragrafar som innsettelsesgrunn er noko høgare enn antall personar som vert satt inn. I følge Christie vart 745 personar anbragt i tvangsarbeidshus i høve til lausgjengarlova sine fem fyrste virkeår.⁴¹ Av desse tilfella vart bestemmelsane om drukkenskap nytta 661 gonger. Dei resterande 203 tilfella gjaldt bestemmelsane om lausgjengeri og betleri. Å bli anbragt for drukkenskap var altså langt vanlegare enn å bli anbragt for lausgjengeri.

Brot på lausgjengarlova førte ikkje nødvendigvis til straffearbeid. Lova opna og forbøtlegging og fengsel. Kriminalstatistikken viser alle tilfella der personar har fått ein straffereaksjon når det gjeld paragrafane om lausgjengeri og drukkenskap. I den same perioda som vist over, fekk 955 personar ein slik straffereaksjon når det gjaldt betleri og lausgjengeri. Med andre ord var det langtfrå uvanleg å nytte dei andre straffereaksjonane.

Lausgjengarlova vart legitimert gjennom ynskjet om å bli kvitt omstreifarproblemet. Det var likevel alkoholbrukarane ho i størst grad råka. I ettertid ser ein korleis lova var med på å forsterke ei negativ haldning mot sosiale grupper. Slike haldningar kom til å ramme omstreifarmiljøa i lang tid framover.

Avslutning

Då paragrafane tre og fire i lausgjengarlova vart behandla i odelstinget, handla debatten om kva grupper som kunne bli råka av lova. Politiet sin rett til overvåking fekk lite fokus. Det vart i staden diskutert kven som kunne bli satt i politiets sokkeljos. Varigheita på innsettelsane fekk heller ikkje fokus. Sjølv om det frå somme vart forsøkt å avgrense lova sitt omfang, vart desse forsøka nedstemt.

Lausgjengarlova var ei lov drive fram av herskande haldningar overfor dei miljøa ein ikkje aksepterte i samtidia. For å få bukt med desse miljøa, og for å lære dei som opphaldt seg i slike miljø å bli gode samfunnsborgarar, vart lova skilt ut frå straffelova. Lausgjengarlova skulle vere ei lov der straffa på papiret handla om tvangsforsørging. Noko som er sikkert er at strafka ikkje nødvendigvis verka forsørgande overfor dei ho gjaldt. Christie spør om lovas formål var omsynet til ”almenprevensjon”.⁴² Dersom svaret er ja, kan ein sjå lausgjengarlova som eit preventivt tiltak mot kriminalitet. Ved å hente dei vanskelegstilte som ikkje klarte å livnære seg på lovleg vis, ville ein fjerne ei større gruppe som truleg var nødt til å tigge eller stjele og på den måten ”volda fare for den allmenne tryggleik”. Christie legg òg stor vekt på at det var

⁴⁰ Sjå vedlegg 2

⁴¹ Christie, Nils, *Tvangsarbeid og alkoholbruk*, 56

⁴² Christie, Nils, *Tvangsarbeid og alkoholbruk*, 24, 25

frykta for omstreifarvesenet som var hovudårsaka til lausgjengarlova sin eksistens. I følge Bastrup var Omstreifervesenets Modarbeidelse ei av dei sterkeste drivkreftene for å få lova sanksjonert. Oversikta frå kriminalstatistikken og kriminalistforeininga viser imidlertid at lova i større grad vart nytta overfor alkoholbrukarane.

Litteraturliste

Bastrup, Olav Rune E., Sivertsen, Aage Georg, *En landevei mot undergangen: Utryddelsen av taterkulturen i Norge*, Oslo, Universitetsforlaget, 1996

Christie, Nils, *Tvangsarbeid og alkoholbruk*, Oslo/Bergen, Universitetsforlaget, 1960

Fra Landeveien: Maanedsblad for arbeidet med omstreiferne, No. 7. Juli maaned 1907. 10de aarg.

J. A. Thorbjørnssen, *Folkets Lov- og Formularbog, En omarbeidet Udgave* (2. opplag), Bergen, Lunde & Co.s Forlag, 1909

Larsen, Erik, *Mellom moral og medisin: Løsgjengerlovens tilblivelse og tilpasning 1900-1918*, Hovedoppgave i Historie, Universitetet i Bergen, 2005

Schaanning, Espen, *Menneskelaboratoriet: Botsfengslets historie*, Scandinavian Academic Press/Spartacus Forlag, 2007

Seip, Anne-Lise, *Sosialhjelpstaten blir til: Norsk sosialpolitikk 1740-1920*, (2. utg.) Oslo/Gjøvik, Gyldendal Norsk Forlag A/S, 1994

Stortingsforhandlinger 1898-1899, 3, Pr, Ø, *Udkast til Lov om Løsgjængeri, Betleri og Drukkenskab samt om Tvangsarbeidshuse*, Kristiania

Stortingsforhandlinger, forhandlinger i Odelstinget, 1899/1900, bok 8, *Sag nr. 7*, Kristiania, Centraltrykkeriet, 1900

Vogt, Peter, *Love, Anordninger, Kundgjørelser, Aabne Breve, Resolutioner m. M. der vedkomme Kongeriget Norges Lovgivning og Offentlige Bestyrelse, i tidsfølgende Orden og udtogsviis* (17. bind), Christiania, A Grøndahls Forlag, 1865

Vedlegg 1:

Tabell: Antal ved Dom eller Forelæg straffældte Personer, fordele efter Forseelsernes Art⁴³

År	Betleri				Drukkenskab og Gadeorden samt andre Politiforseelser ⁴⁴								
	Kristiania			Riket	Kristiania			Riket			År		
Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner	I alt		
1898	73	0	73	150	2	152	20447	1138	21585	39121	1766	40887	1898
1899	60	2	62	112	7	119	23536	1274	24810	44520	1956	46476	1899
1900	87	2	89	160	3	163	21639	1235	22874	44869	2071	46940	1900
1901	59	4	63	137	8	145	18378	1021	19399	42152	1916	44068	1901
1902	33	2	35	117	8	125	15921	1194	17115	38549	2395	40944	1902
1903	34	2	36	111	11	122	15497	1125	16622	36064	2115	38179	1903
1904	53	3	56	164	7	171	13175	1027	14202	31669	1952	33621	1904
1905 ⁴⁵	37	2	39	142	16	158	9048	620	9668	26208	1209	27417	1905
1906	38	3	41	140	14	154	8680	614	9294	26015	1259	27274	1906
1907 ⁴⁶	51	0	51	141	5	146	9615	608	10223	28136	1253	29389	1907
1908	49	33	82	165	39	204	11191	764	11955	33169	1498	34667	1908
1909	40	9	49	120	10	130	11858	1141	12999	32886	1806	34692	1909
1910	34	0	34	132	5	137	14409	1358	15767	38295	2092	40387	1910
1911	46	26	72	140	38	178	19089	1891	20980	44226	2701	46927	1911
1912	49	19	68	130	30	160	19225	1732	20957	48517	2545	51062	1912
1913	90	36	126	222	56	278	19096	1740	20836	51701	2582	54283	1913
1914	89	43	132	237	63	300	17954	1195	19149	46949	1934	48883	1914
1915 ⁴⁷⁴⁸	17	30	47	35	34	69	17005	914	17919	43518	1407	44925	1915
1916	22	15	37	43	20	63	20622	1115	21737	52542	1630	54172	1916
1917	10	23	33	34	30	64	11702	615	12317	26586	934	27520	1917
1918	1	4	5	19	19	38	10488	614	11102	20205	876	21081	1918

Vedlegg 2:

⁴³ Kriminalstatistik 1898-1920, N. off. st., *Antal ved Dom eller Forelæg straffældte Personer, fordele efter Forseelsernes Art.*

⁴⁴ "Paa grund af det foreliggende materialets ufuldstændighed har man ikke kunnet utsondere drukenskap og Gadeorden fra andre politiforseelser."

⁴⁵ Kolonna "Drukkenskab og Gadeorden samt andre Politiforseelser" vert i 1905 kalla "Mot den alm. Orden og fred. Herunder ogsaa indbefattet drukkenskap"

⁴⁶ Kolonna "Betleri" vert i 1907 kalla "Løsgjengeri, bettleri samt a. fors. mot løsgj.l. end mot §§ 16 og 17".

⁴⁷ Kolonna "Betleri" vert i 1915 kalla "Løsgjengeri og betleri".

⁴⁸ Kolonna "Drukkenskab og Gadeorden samt andre Politiforseelser" vert i 1915 kalla "Offentleg drukkenskap".

Innsettelse i tvangsarbeidshus 1. august 1907 – 1. august 1912⁴⁹

	Menn	Kvinner	Total
Etter § 2 i løsgjengerloven	20	0	20
Etter § 4 i løsgjengerloven	90	88	178
Etter § 5 i løsgjengerloven	5	0	5
Etter § 18 i løsgjengerloven	444	89	533
Etter § 19 i løsgjengerloven	127	1	128
Sum			864
Etter §§ 2, 4 og 5	115	88	203
Etter §§ 18 og 19	571	90	661
Sum	686	178	864

§§ 2, 4 og 5 gjald arbeidsskyheit og lausgjengeri.

§§ 18 og 19 gjaldt drukkenskap.

⁴⁹ Christie, Nils, *Tvangsarbeid og alkoholbruk*, 56 (Henta fra Kriminalistforeningen i 1912, s 97)